



# Fitjar kommune

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** 11.04.2007  
**Tidspunkt:** 15:00 - 18:45

---

---

### Følgjande medlemmer møtte:

Agnar Aarskog, ordførar  
Annbjørg Stjern Tvedt, varaordførar, fram til kl. 18.00, var ikkje tilstades under handsaming av sak PS 027/07  
Gisle Levåg til kl. 18:15, var ikkje tilstades under handsaming av sak PS027/07

---

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

---

### Følgjande varamedlemmer møtte:

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Tornes, rådmann  
Svein Erik Vinje, økonomisjef

Kristin Meland, møterefarent

---

  
Agnar Aarskog  
Ordfører

Gro Rydland

Harald Rydland

  
Kristin Meland  
Møterefarent

**Sakliste:**

---

- PS 017/07 Godkjenning av protokoll
- PS 018/07 Referatsaker
- PS 019/07 Regionreform - inndeling i fremtidige regionar - høyring
- PS 020/07 Fitjar Meieri BA - emisjon
- PS 021/07 Tilskot til SNU II for 2007
- PS 022/07 Kunstgrasbane -auke av tilskot til idrettslaget.
- PS 023/07 Mogleg tileggsrekning i FBB
- PS 024/07 Bruk av disponible midlar etter binding av straumpris
- PS 025/07 Ymse spørsmål til rekneskap 2006
- PS 026/07 Vassleidning til Dåfjorden.
- PS 027/07 Vurdering av forskottering iht. sentrumsplan, ikkje off. jfr.off.loven § 5a 1. ledd
- PS 028/07 Prosjekt vatn til Kvedno
- PS 029/07 Ymse

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Sak PS 027/07 vil verta handsama til slutt.

**Utdelt i møte:**

Brev frå Fitjar Skyttarlag – Takk for gåva frå Fitjar formannskap.

Møtereferat frå Landssamanslutninga av norske vindkraftkommunar, dat. 20/3-07

Engasjement for miljøtilstanden i Nordsjøen – medlemskap i KIMO Noreg, dat. 26/2-07

**PS 017/07 Godkjenning av protokoll****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:****Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 018/07 Referatsaker****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek referatsakene til vitring.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

Følgjande vart referert: Sak RS 007/07 – RS 010/07

Formannskapet drøfta punkta frå rådmannen vedkomande viktige hendingar i kommunen til bruk i årsmeldinga og kom med ytterlegare innspel.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 019/07 Regionreform - inndeling i fremtidige regionar - høyring****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune gir tilslutning til Samarbeidsrådet for Sunnhordland si fellesfråsegn i sak om framtidig regionutvikling

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

Ordførar Agnar Aarskog orienterte i møtet.

Ordførar Agnar Aarskog kom med framlegg til å føra opp uttalen frå samarbeidsrådet som innstilling til kommunestyret.

Formannskapet hadde ingen merknader til dette og det ligg føre slik;

**Tilråding til uttale i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har i møte 09.03.07 drøfta regionreforma og Hordaland fylkeskommune sin invitasjon til høyring og deltaking i prosessen for å påverka utforminga av det framtidige regionale nivået.

Styret i Samarbeidsrådet har vidare vedteke følgjande:

1. Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at Hordaland må inngå i ein Vestlandsregion med heile eller delar av eit eller fleire nabofylke.
2. Grunngevinga for dette er at Vestlandet best vil kunna utvikla seg ved å etablera ein vestlandsregion. I dette ligg og ein føresetnad om at regionane skal vere eit sterkt og sjølvstendig forvaltningsnivå, men klårt definerte oppgåver, ansvar, myndigheit og finansiering.
3. Nye regionar må få tilførd vesentlege nye oppgåver frå staten, og ikkje overta oppgåver som alt ligg i kommunane.

Haugalandet, Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland har både i felles arbeidsutvalsmøte og styremøte drøfta regionreforma. Styra i dei tre regionråda er samde om følgjande:

Dei tre regionane Hardanger, Haugalandet og Sunnhordland mål høyra til i same region, og dei to fylka Hordaland og Rogaland må vera med i den nye regionen.

Det er viktig at Hordaland fylkeskommune tek dette med seg i sitt vidare arbeid.

**PS 020/07 Fitjar Meieri BA - emisjon**

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune teiknar sin høvesvise del av andelsbeløpet i Fitjar Meieri BA.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

**Ugild:**

Representanten Gisle Levåg (H) sa seg ugild under handsaming av denne saka då han er styremedlem i Fitjar Meieri.

Formannskapet fann samrøystes Gisle Levåg ugild og representanten fråtrede møtet. Det vart ikkje kalla inn varamedlem for representanten.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes - 4 røyster)**

Som framlegg.

Representanten Gisle Levåg tiltrådte møtet att.

**PS 021/07 Tilskot til SNU II for 2007**

**Framlegg til vedtak:**

Ordfører og rådmann får fullmakt til å tinga med SNU II om tilskot for 2007, innan budsjetttrammane for dette året.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**  
Som framlegg.

**PS 022/07 Kunstgrasbane -auke av tilskot til idrettslaget.**

**Framlegg til vedtak:**

Tilskotet til finansiering av kunstgras på idrettsbanen vert å auke til den summen som faktisk vert gjeve som momsrefusjon, estimert til kr. 472.000,-. Auken vert å finansiere av kapitalfond.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**  
Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**  
Som framlegg.

**PS 023/07 Mogleg tileggsrekning i FBB**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet ber kommunestyret gjera slikt vedtak:

Investeringsramma for FBB blir auka med 1,4 mill.  
Finansiering skjer ved auke i pårekna tilskot frå Husbanken. Det som ikkje vert dekkja av tilskotet, vert å ta frå kapitalfondet.  
Det vert å søkja om naudsynleg låneopptak.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**  
Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

**Tilråding i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**

Investeringsramma for FBB blir auka med 1,4 mill.  
Finansiering skjer ved auke i pårekna tilskot frå Husbanken. Det som ikkje vert dekkja av tilskotet, vert å ta frå kapitalfondet.  
Det vert å søkja om naudsynleg låneopptak.

**PS 024/07 Bruk av disponible midlar etter binding av straumpris**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner disponering av innspara midlar slik som prioriteringslista i saka syner.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

**Ugild:**

Representanten Harald Rydland (KrF) sa seg ugild i saka grunna slektskap med berørt part.  
Formannskapet fann samrøystes Harald Rydland ugild og representanten fråtredde møtet.

Det vart ikkje kalla inn vara medlem for representanten.

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

**Ordførar Agnar Aarskog (Ap)** kom med slikt framlegg til vedtak.

Formannskapet godkjenner disponering av midlar som gjeld pkt. 4 – leige av arbeidskraft.

Formannskapet bed administrasjonen komme attende til pkt. 1, 2, 3, 5 og 6 i revidert budsjett.

Ved røysting vart framlegg frå ordførar samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes - 4 røyster)**

Formannskapet godkjenner disponering av midlar som gjeld pkt. 4 – leige av arbeidskraft.

Formannskapet bed administrasjonen komme attende til pkt. 1, 2, 3, 5 og 6 i revidert budsjett.

Representanten Harald Rydland tiltrådte møtet att.

## **PS 025/07 Ymse spørsmål til rekneskap 2006**

**Framlegg til vedtak:**

Opprydding kring museumsfond vert gjennomført som skissert.

Krav mot namna debitorar vert bortskrive med endeleg verknad i høve til vedlagte "Libroliste".

Utskrive krav i Agresso vert vurdert mot generell avsetning på debitorer, men debitorane vert ikkje bortskrive.

Det vert gjeve eit omframt tilskot på kr. 100.000. til FKIB for 2006, finansiert som skissert i saka.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

**Utdelt i møtet:**

Økonomisk oversikt drift.

Økonomisjef Svein Erik Vinje og rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

**Ugild:**

Ordførar Agnar Aarskog sa seg ugild under handsaming av siste punkt i framlegg til vedtak då han er styreleiar i FKIB AS og deltok ikkje under røystinga av dette punktet.

Ved røysting trådte Annbjørg Stjern Tvedt inn som setteordførar.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 :**

Pkt. 1 og 2 var samrøystes vedteke. Pkt. 3 vedteke med 4 røyster, Agnar Aarskog røysta ikkje over dette punktet.

## **PS 026/07 Vassleidning til Dåfjorden.**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner oppstart av vassleidning til Dåfjorden som skissert i saka med vedlegg.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Det vært å søkja fylkesmannen om godkjenning av ekstra låneopptak til finansiering av prosjektet, med inntil kr. 1,0 mill.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 027/07 Vurdering av forskottering iht. sentrumsplan, ikkje off. jfr. off.loven § 5a 1. ledd**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

Formannskapet vedtok samrøystes å handsame saka i lukka møte jfr. § 31.3 i kommunelova.

Representantene Gisle Levåg (H) og Annbjørg Stjern Tvedt (KrF) hadde forlate møtet og var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

Etter drøfting i formannskapet låg det føre slikt framlegg:

Formannskapet gjer rådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med seljar. Avtalen vil verta endeleg handsama i formannskapet 2. mai.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes - 3 røyster)**

Formannskapet gjer rådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med seljar. Avtalen vil verta endeleg handsama i formannskapet 2. mai.

**PS 028/07 Prosjekt vatn til Kvedno**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner ei ekstra kostnadsramme på kr. 145.000,- og gir administrasjonen fullmakt til å tinga med Fitjar Laks, kraftlaget og Kråko Utvikling om bidrag til prosjektet.

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 : (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 029/07 Ymse**

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet 11.04.2007:**

Representanten Annbjørg Stjern Tvedt (KrF) tok opp fylgjande:

1. Framdrift turistbrosjyre – blir den ferdig til denne sesongen?
2. Hvilke planar/tankar har Fitjar kommune i forbindelse med Årskog Museum.  
Kan noen av tingene verta utstilt andre steder, evtnt. kontakte Sunnhordland museum.
3. Kan Fitjar kommune gjøre vedtak om å være spilleautomatfri kommune?  
Kan kommunen si nei takk til å ha spilleautomater og oppfordre næringslivet til også å si nei? Dette pga. at spilleavhengige og kan spille bort penger på "snille" automater.

Ordføreren Agnar Aarskog svara slik:

1. Når det gjeld turistbrosjyre vil dette være en kostnad på opp mot ca. kr. 100.000,-. Fitjar kommune har ikkje midlar til slike føremål. Ein vil prøve å få til ei enkel brosjyre.
2. Husa tilhøyrande museet vert vedlikehalde og utearealet vert stelt. Garden er pakta vekk til 31.12.09. Sjøbua var ferdig restaurert i 2006. Det er føringar frå fylkeskonservatoren på at ting ikkje skal flyttes til andre utstillingssteder.
3. Når det gjeld speleautomatar er det statleg politikk som gjeld på dette området og kommunane kan ikkje si nei til speleautomatar. Kommunestyret kan gjera vedtak om oppmoding.

**Representanten Gisle Levåg (H)** tok opp fylgjande:

1. Møte mellom Fitjar kommune og vegvesenet vedk. E-39. Det er ein god del i Sandvikvåg som ikkje er ferdig – når skal dette ferdigstillast.
2. Reglar for viltfondet.

Ordførar Agnar Aarskog orienterte om at møte med vegvesenet skal være i neste veke. Kommunen vil stå på for å få anlegget ferdigstillast.

Rådmannen orienterte om reglar for Viltfondet. Saken må handsamast i Viltnemnda.

Ordførar Agnar Aarskog orienterte om planer for sentrum i forbindelse med pynting til sommaren. Det har vore ei gruppe i arbeid som har jobba med å gjøre sentrum triveligare.

Det vil bli sett ut blomstar og flaggportal!

Det vart og oppmoda om å ta til med opprydding rundt rådhuset.

Ordførar Agnar Aarskog lukka møtet jfr § 31.3.1 i kommunelova og orienterte om; Firmaetablering.  
Oppseiing av stilling.

Formannskapet drøfta referatsak Behov for ekstra ressursar til omsorgssektoren (Sak RS 009/07 til sak PS 018/07)

**Vedtak i Formannskapet 11.04.2007 :**